

## AVGJERD I EØS-KOMITEEN

nr. 180/2020

av 11. desember 2020

### om endring av vedlegg I til EØS-avtala (Veterinære og plantesanitære tilhøve)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla EØS-avtala, særleg artikkel 98,

og ut frå desse synsmåtane:

- 1) Kommisjonenens gjennomføringsavgjerd (EU) 2020/552 av 20. april 2020 om endring av vedlegg I og II til vedtak 2003/467/EF med omsyn til statusen til regionen Valle d'Aosta i Italia og den autonome regionen Asorane i Portugal som offisielt frie for tuberkulose og statusen til fleire regionar i Portugal som offisielt frie for brucellose<sup>(1)</sup> skal takast inn i EØS-avtala.
- 2) Denne avgjerda gjeld føresegner om andre levande dyr enn fisk og akvakulturdyr. Føresegner om desse tilhøva skal ikkje gjelde for Island, som nemnd i nr. 2 i den innleiande delen til kapittel I i vedlegg I til EØS-avtala. Denne avgjerda skal difor ikkje gjelde for Island.
- 3) Denne avgjerda gjeld føresegner om veterinære tilhøve. Føresegner om veterinære tilhøve skal ikkje gjelde for Liechtenstein så lenge avtala mellom Det europeiske fellesskapet og Det sveitsiske eidssambandet om handel med landbruksprodukt er utvida til å omfatte Liechtenstein, som nemnd i tilpassing etter sektor i vedlegg I til EØS-avtala. Denne avgjerda skal difor ikkje gjelde for Liechtenstein.
- 4) Vedlegg I til EØS-avtala bør difor endrast –

TEKE DENNE AVGJERDA:

#### *Artikkel 1*

I EØS-avtala vedlegg I kapittel I del 4.2 nr. 70 (kommisjonsvedtak 2003/467/EF) skal nytt strekpunkt lyde:

”– **32020 D 0552**: Kommisjonenens gjennomføringsavgjerd (EU) 2020/552 av 20. april 2020 (EUT L 127 av 22.4.2020, s. 19).”

#### *Artikkel 2*

Teksta til gjennomføringsavgjerd (EU) 2020/552 på islandsk og norsk, som vil verte kunngjort i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

---

(1) TEU L 127 av 22.4.2020, s. 19.

*Artikkel 3*

Denne avgjerda tek til å gjelde 12. desember 2020, på det vilkåret at alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i EØS-avtala er sende inn(\*).

*Artikkel 4*

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utfjerda i Brussel 11. desember 2020.

For EØS-komiteen

***Sabine Monauni***

Formann

---

(\*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.